



Lars Rottem Krangnes

# **Arbeidet til stortingspartia i Europautvalet 2005-2009**

---

Nei til EU arbeidsnotat nr. 4/2009



# Innhold

Forord	1
0. Om denne rapporten	2
0.1 Rapporten tek føre seg	2
0.2 Rapporten tek ikkje føre seg	3
1. Omgrep og regelverk	3
2. Funn	6
2.1 Dei enkelte partia i utvalet	6
2.2 Dei enkelte representantane i utvalet	7
2.3 Nokre sentrale saker i perioden	8
2.4 Debattar og spørsmål på initiativ frå medlemmer i Europautvalet	11
2.5 Rettsaker til behandling som regjeringa ikkje særskilt tek opp	12
2.6 Når representantane frå fagkomiteane er til stades	14
2.7 Drøftingar av arbeidsmåten i Europautvalet	14
2.8 Spørsmål i spørjetimen i Stortinget	16
3. Oppsummering og nokre konklusjonar	17

## Arbeidet til stortingspartia i Europautvalet 2005-2009

Nei til EU arbeidsnotat nr. 4/2009, utgitt juni 2009. Bestilling / nedlasting: [www.neitileu.no](http://www.neitileu.no).

Forfatter: Lars Rottum Krangnes, konsulent og fylkesleder for Oslo Senterparti.

## Forord

Denne rapporten tar for seg arbeidet i Stortingets Europautvalg, som er den særskilte komiteen for behandling av EØS-saker. Rapporten omfatter alle møtene i Europautvalget fra 2005 til mai 2009. Den er utarbeidet av Lars Rotten Krangnes, på oppdrag fra Nei til EU.

Rapporten dokumenterer hvordan både partiene og de enkelte stortingsrepresentantene agerer i Europautvalget. Behandlingen av sentrale saker som den differensierte arbeidsgiveravgiften, kjemikaliedirektivet REACH, tjenestedirektivet, datalagringsdirektivet og hjemfallsaken er viet særlig plass.

Enkelte partier er overraskende passive i Europautvalget, viser rapporten. Utvalget er en arena for informasjon og for å påvirke det norske arbeidet overfor EU. Men sakene behandles raskt, og det er sjelden representantene tar opp egne saker som departementets folk ikke informerer om.

Funnene viser at Stortinget har en lang vei å gå når det gjelder å nå målsetningene for en «aktiv europapolitikk», selv om det også finnes andre måter Stortinget engasjerer seg i saker som angår EU / EØS.

*Heming Olaussen*  
*Leder i Nei til EU*

## 0. Om denne rapporten

Denne kortfatta rapporten er basert på referata frå samtlege 26 møte i Europautvalet i Stortinget i perioden 2005-2009, til og med møtet 21. mai 2009. Alle referata er tilgjengelege elektronisk på nettsidene til Stortinget, [stortinget.no](http://stortinget.no). Der ikkje anna er oppgitt er [stortinget.no](http://stortinget.no) også kjelde for andre opplysingar i rapporten.

### 0.1 *Rapporten tek føre seg*

- Omgrep og regelverk i samband med Europautvalet i Stortinget
- Aktiviteten til det enkelte parti i Europautvalet, målt i kor mange gonger representantar for partiet har teke ordet, anten til innleiingar frå utanriksminister eller fagstatsråd, til aktuelle rettsakter ministrane ikkje særskilt har nemnt, til andre aktuelle EU- og EØS-spørsmål, eller til arbeidsmåten i utvalet.
- Aktiviteten til den enkelte representant i Europautvalet, etter same mål
- Korleis nokre få sentrale EU- og EØS-saker i perioden har blitt hatt føre i Europautvalet
- Kva for rettsakter (og delvis også kva for meir generelle saker) som har blitt teke opp i utvalet utan at dei har stått på dagsorden eller vore nemnde i innleiingar frå utanriksminister eller fagstatsråd
- Noko om møtedeltaking frå medlemmer av fagkomiteane i Stortinget
- Interne drøftingar av arbeidsmåten i Europautvalet
- EU- og EØS-relevante spørsmål i spørjetimen i Stortinget

## 0.2 Rapporten tek ikkje føre seg

- Innhaldet i, omfanget av eller graden av (fyldig) informasjon i innleiingane frå utanriksministeren eller andre fagstatsrådar (derimot spørsmål stilte til innleiingane) – dermed drøftar ikkje rapporten eksplisitt kva regjeringa *ikkje* har prioritert å informere om i Europautvalet.
- Enkeltrettsakter som er lista opp i saksdokumenta til møta, men som ikkje er viste til i innleiingane frå utanriksminister eller fagstatsråd, og som ingen i Europautvalet har stilt spørsmål om.
- Aktiviteten til det enkelte parti i EU- og EØS-relevante spørsmål i andre forum enn Europautvalet og Stortingets spørjetime.

Dette er felt som kan vere nyttige i eit eventuelt vidare arbeid med spørsmål knytta til korleis dei ulike partia jobbar med EU- og EØS-relevante spørsmål.

Rapporten er utarbeidd våren 2009 på oppdrag frå Nei til EU.

## 1. Omgrep og regelverk

*Europautvalet, fram til 31.12. 2007 EØS-utvalet, er sett saman av medlemene i Utanrikskomiteen og medlemene i Stortingets delegasjon til EFTA/EØS. Stortinget skriv sjølv på sine nettsider om korleis utvalet fungerer:*

*Europautvalget er Stortingets organ for konsultasjoner med regjeringen om aktuelle EU/EØS-spørsmål. Utvalget behandler hovedsakelig EU-rettsakter (direktiver og forordninger) som skal opp til behandling i EØS-komiteen. Bestemmelser om utvalgets virksomhet er nedtegnet i Stortingets forretningsorden § 13 a.*

*Fra Stortingets side består Europautvalget av representantene i utenrikskomiteen og de som er medlem i Stortingets EFTA/EØS-delegasjon. Andre fagkomiteer blir kalt inn dersom aktuelle saker angår deres arbeidsområde. Fra regjeringens side deltar utenriksministeren, eventuelt andre ministre ved behov. Lederen av utenrikskomiteen leder Europautvalget.*

*Europautvalget møtes før saker skal behandles i EØS-komiteen. Regjeringen legger frem de aktuelle sakene. Medlemmene av utvalget kommer med råd om hvilket standpunkt regjeringen bør ta, men det er opp til regjeringen å ta en endelig beslutning på Norges vegne. Regjeringen er ikke forpliktet til å følge utvalgets råd, men er gjennom parlamentarismen avhengig av Stortingets tillit.*

*Møtene i Europautvalet er lukket, dersom ikke annet er bestemt. Referat fra et møte offentliggjøres etter møtets slutt, med unntak av de deler som er unntatt offentlighet. Ett år etter møtet offentliggjøres referatet i sin helhet.*

(...)

*Saker fra EU som er EØS-relevante, og som innebærer norske lovendringer, fremtidige budsjettmessige konsekvenser eller er av særlig viktighet, skal behandles av Stortinget.*

Med andre ord er Europautvalet både ein informasjonskanal og eit diskusjonsforum for generelle EU- og EØS-spørsmål, og ein politisk arena der eventuell bruk av den såkalla reservasjonsretten i høve til enkeltrettsakter som kjem frå EU for innlemming i EØS-avtalen og såleis i norsk lovverk, blir drøfta. Enkeltrettsaktene vil i mange tilfelle vere konsekvensar av større prosessar (til dømes utarbeidinga av «bøker» på større saksfelt, som Grønboka om energipolitiske spørsmål og Blåboka om EUs maritime politikk) som allereie er drøfta i Europautvalet.

Sjølv om alle saker som inneber lovendringar og får budsjettmessige konsekvensar formelt skal vedtakast av Stortinget etter at dei er vedtekne i EØS-komiteen, er det i realiteten i Europautvalet at partia må melde frå om sitt syn, før handsaminga i EØS-komiteen.

*Utanrikskomiteen* har 14 medlemmer, og alle desse sit i Europautvalet. Desse er fordelte slik mellom partigruppene: A 5, Frp 3, H 2, SV 1, KrF 1, Sp 1, V 1. Komiteane i Stortinget har ikkje andre varamedlemmer enn den som til kvar ei tid måtte møte som vara i Stortinget for den enkelte fråverande representant. Stortingets valkomite oppnemner derfor eigne varafolk for medlemene i Utanrikskomiteen til Europautvalet. Dei oppnemnde varamedlemene, som er andre faste stortingsrepresentantar frå dei enkelte partigruppene, møter dersom medlemet i Utanrikskomiteen (eller om vedkomande har permisjon, dennes vararepresentant på Stortinget) ikkje kan møte i Europautvalet.

*EFTA-/EØS-delegasjonen* har seks medlemmer. Disse er fordelt slik mellom partigruppene: A 2, Frp 1, H 1, SV 1, KrF 1. Det er fire varamedlemmer til komiteen. Av disse har A 2, Sp 1 og V 1.

*Saklista for møta i Europautvalet* er som regel nokså kort:

- Utanriksministeren gjer greie for aktuelle EU- og EØS-relevante saker. Disse blir lista opp i brev frå Utanriksdepartementet til Europautvalet i forkant av møtet (noko som har kome til i denne stortingsperioden).
- Dersom det er større saker og/eller pågåande prosessar som grip spesifikt inn på eit fagfelt er gjerne ein fagstatsråd til stades og gjer greie for desse. Dette blir det også informert om til Europautvalet i brev frå Utanriksdepartementet i forkant av møtet.
- Dei konkrete rettsaktene som skal opp på neste møte i EØS-komiteen (samarbeidsorganet mellom EU og EFTA) er ei eiga sak. Komitéleiar spør når saka kjem opp om det er nokon som har merknader eller spørsmål. Sakpapira er her sende over frå Utanriksdepartementet i forkant. Rettsaktene, som ligg føre i ei uoffisiell omsetjing til norsk, er sorterte etter ansvarleg departement, og delt inn i grupper ut frå ei førebels vurdering av om dei a) krev lov- eller budsjettendring, eller forskriftsendring som grip vesentleg inn i norsk handlefridom, b) krev forskriftsendring som ikkje grip vesentleg inn i norsk handlefridom, c) ikkje har konsekvensar for norsk lovgjeving. I sakpapira er det eit samandrag av innhaldet, merknader frå UD og frå «sakkyndige instansar». Sakpapira er som regel svært omfemnande.
- I tillegg er det på alle møta eit eventuelpunkt der medlemene i komiteen kan stille spørsmål til utanriksministeren om EU- og EØS-saker han ikkje har gjort greie for i innleiinga si.

## 2. Funn

### 2.1 *Dei enkelte partia i utvalet*

*Høgre tek ordet desidert oftast i Europautvalet. Partiet har stilt 85 konkrete spørsmål til innleiingar frå utanriksministeren og fagstatsrådar om aktuelle EU- og EØS-saker, og stilt i alt 12 spørsmål til saker som ikkje har vore på dagsorden eller nemnde i innleiingar. Men partiet har ikkje på noko tidspunkt i fireårsperioden teke opp enkeltrettsakter som fagstatsråd ikkje har innleidd spesielt om.*

*Arbeidarpartiet har fleire aktive representantar, som til samans har stilt 50 konkrete spørsmål til innleiingar frå utanriksministeren og fagstatsrådar. Det er stilt seks spørsmål til enkeltrettsakter som ikkje er innleidd spesielt om (fire av spørsmåla frå vararepresentanten Steinar Gullvåg). Marit Nybakk har åleine stilt 21 spørsmål til innleiingar frå utanriksministeren og fagstatsrådar. I motsett ende har Annette Trettebergstuen og Marianne Aasen (Agdestein) ikkje hatt ordet i Europautvalet på noko tidspunkt i heile fireårsperioden.*

*Sosialistisk Venstreparti har, trass i ei mykje mindre gruppe i Europautvalet enn Ap, vore omtrent like aktive, med 45 konkrete spørsmål til innleiingar frå utanriksministeren og fagstatsrådar, og «heile» 10 spørsmål til rettsakter som det ikkje er innleidd spesielt om. Det er tidlegare nestleiar i Nei til EU, Ågot Valle, som står bak samtlege av desse, i tillegg til halvparten av dei øvrige spørsmåla frå SV. Etter at han kom med i Europautvalet (første møte 12. mars 2008) har også tidl. statsråd Øystein Djupedal vore nokså aktiv, og kome opp i 13 spørsmål til innleiingar.*

*Kristeleg Folkeparti har stilt 32 konkrete spørsmål til innleiingar, nesten alle er stilte av Jon Lilletun og etterfølgjaren i utvalet, Dagfinn Høybråten, med til samans 27. Desse to har også teke opp seks eventueltsaker.*



*Framstegspartiet* kjem med sine 30 spørsmål til innleiingar bak Kristeleg Folkeparti, trass relativt mykje breiare representasjon i Europautvalet. Dei av partiet sine representantar som har møtt frå fagkomité når relevante saker skal opp har vore nesten like aktive som sine fast møtande kolleger. Partiet har teke opp tre eventueltsaker.

*Senterpartiet* har vore overraskande lite aktive i Europautvalet. Partiet har vore fråverande på 15% av møta (4 av 26). Det er kun stilt 15 spørsmål til innleiingar frå fagstatsrådene, men det er teke opp 6 rettsakter det ikkje er særskilt innleidd om frå minster/-rar, og éi eventueltsak.

*Venstre* er det aller minst aktive partiet i utvalet. Partiet har vore borte frå heile 30% (8 av 26) møte. (7 av 26 om ein reknar med ein fagkomitérepresentant som var til stades på eit møte der ingen av dei faste representantane til partiet var til stades. Vedkomande tok ikkje ordet på møtet.) Venstre har kun stilt 15 spørsmål til innleiingar frå fagstatsrådene, av desse kun eitt frå ein møtande fagkomitérepresentant, og partiet ikkje teke opp ei einaste sak eller nokon rettsakt på eige initiativ. Venstres medlem i Utanrikskomiteen, Anne Margrethe Larsen, har ikkje hatt ordet på eit einaste møte i Europautvalet i perioden.

## **2.2 *Dei enkelte representantane i utvalet***

**Erna Solberg (H)** er den *desidert mest aktive representanten i Europautvalet*. Ho har åleine stilt 37 spørsmål til innleiingar frå fagstatsrådene, teke opp 7 eventueltsaker og teke opp arbeidsmåten i komiteen 2 gonger.

**Ågot Valle (SV)** er den *mest aktive EU-motstandaren i Europautvalet*. Ho stilte til 22 spørsmål til innleiingar frå utanriksminister og fagstatsråder, og tok opp 10 enkeltrettsakter, medan **Jon Lilletun (KrF)/etterfølgjaren Dagfinn Høybråten (KrF)**, stilte til saman også 22 spørsmål til innleiingar, tok opp 5 eventueltsaker og arbeidsmåten til komiteen 2 gonger.

Også EU-tilhengjarane **Marit Nybakk (A)** og **Finn Martin Vallersnes (H)** har vore aktive i utvalet, med høvesvis 21 og 18 spørsmål til innleiingar. Begge har også teke opp eventueltsaker, og Nybakk har teke opp éi enkeltrettsakt det ikkje har vore innleidd om.

I motsett ende av skalaen finn ein faktisk leiaren i Europautvalet. **Olav Akselsen (A)** har knapt hatt ordet i andre samanhengar enn som møteleiar gjennom heile perioden. Frp-leiar **Siv Jensen** har hatt ordet kun tre gonger, og då heilt i starten av perioden.

**Annette Trettebergstuen (A)** og **Anne Margrethe Larsen (V)** er som nemnt *dei minst aktive representantane i Europautvalet* frå Utanrikskomiteen, medan **Marianne Aasen (A)** er den minst aktive frå EØS-delegasjonen. Ingen av desse tre har hatt ordet på eit einaste av dei 26 møta i utvalet.

Generelt er medlemene av Utanrikskomitéen langt meir aktive i Europautvalet enn representantane frå Stortingets EFTA- og EØS-delegasjon. Leiaren av delegasjonen, **Svein Roald Hansen (A)**, som også er leiar i Europabevegelsen, har stilt sju spørsmål til innleiingar og teke opp éi enkeltrettsakt. Delegasjonsmedlemet **Gjermund Hagesæter (Frp)** har stilt like mange spørsmål, og teke opp éi eventueltsak.

### **2.3 Nokre sentrale saker i perioden**

Det er sett på eit *avgrensa* utval av dei sakene som har vore gjengangarar i Europautvalet, for å få eit bilete av korleis partia arbeider med desse sakene *i utvalet*.

Allereie på møtet 28. november 2005 blei det innleidd om kjemikaliedirektivet *REACH*. Dette har vore tema frå regjeringa si side på i alt fire møte, og det er stilt spørsmål frå Høgre (Sanner, 28.11.05), Arbeidarpartiet (Nybakk 27.03.07 og 12.03.08), SV (Valle 27.03.07 og 12.03.08, Djupedal 12.03.08), Senterpartiet

(Samuelson 27.03.07) og KrF (Dåvøy 27.03.07). Sjølv på eit direktiv som har vore tema gjennom store delar av stortingsperioden har altså ikkje alle partia brukt Europautvalet til å debattere saka, og i den grad det har skjedd er det regjeringspartia som dominerer diskusjonen.

*Tenestedirektivet* har vore tema frå regjeringa fire gonger (siste gong 21. april 2009 utan at det var varsla i forkant), i tillegg til at sosial dumping i andre samanhengar har vore oppe ved fleire høve. Høgre (Brende x 2 19.01.06, Vallersnes 31.05.07, Solberg 21.04.09), SV (Valle og Vaggen Malvik 19.01.06, Valle 31.05.07 og 21.04.09), Senterpartiet (Borten Moe 19.01.06, Brekk 31.05.07, Haga 21.04.09), Arbeidarpartiet (Nybakk 31.05.07), Framstegspartiet (Hagesæter 31.05.07) og KrF (Høybråten 21.04.09) har følgd opp med spørsmål. I tillegg har KrF (Høybråten 04.12.07 og 04.11.08) teke opp saka to gonger utan at ho har vore tema frå regjeringa, Frp tilsvarende éin gong (Hagesæter 05.12.06).

Utanriksministeren gjorde då greie for status, og både Arbeidarpartiet (Bjørnstad og Hansen), Høgre (Vallersnes), KrF (Høybråten) og Venstre (Dørum) følgde opp med spørsmål. Etter at regjeringa hadde vedteke å gå inn for tenestedirektivet orienterte utanriksministeren om dette 1. desember 2008, utan at det blei kommentert frå Europautvalet. Dette tyder på at utvalet ikkje blir brukt som markeringsorgan for tapte saker for nei-partia. Tenestedirektivet er truleg den mest omtalte og omdiskuterte EU- og EØS-saka i heile stortingsperioden, og ho har vore oppe på sju av dei 26 møta i Europautvalet. Likevel har ho altså berre vore tema for 19 innlegg frå representantane der.

(*Sosial dumping* på meir generelt grunnlag blei drøfta ma. i møtet 2. juni 2008, der utanriksministeren gjorde greie for den såkalla Rüffert-dommen, og 18. september 2008, om Luxembourg-dommen. Arbeidarpartiet (Nybakk) og KrF (Høybråten) stilte spørsmål til saka i juni-møtet, Høgre (Solberg) og SV (Valle) i september-møtet.)

I byrjinga av perioden var konflikten om *den differensierte arbeidsgjevaravgifta* eit sentralt tema. Dette var tema frå regjeringa på møta 19. januar, 7. mars og 15. mai 2006 (som åleine dreidde seg om dette), og 14. september same år, men var då allereie teke opp på eige initiativ frå Erna Solberg (H) så tidleg som 20. oktober 2005, som også følgde opp 30. mai 2006. Ho var før denne stortingsperioden ansvarleg statsråd for saka. Generelt stilte opposisjonen relativt godt med spørsmål til denne saka, med Solberg som den klart ivrigaste. Kommunal- og forvaltingskomiteen var til stades på møtet 15. mai 2006, og representantar frå Arbeidarpartiet, Frp og KrF stilte spørsmål til saka, i tillegg til Venstre (Sponheim) og Høgre (Solberg) blant medlemene i Europautvalet.

*Datalagringsdirektivet* var første gang oppe 7. mars 2006, som ein del av innleiinga til utanriksministeren. Både SV (Valle) og Venstre (Sponheim) stilte spørsmål til saka. Utanriksministeren orienterte igjen om saka 12. mars 2008. Både Arbeidarpartiet (Bjørnstad og Hansen), Frp (Høglund), Høgre (Vallersnes og Høie x 2), SV (Valle), KrF (Høybråten) stilte spørsmål til saka. På møtet 21. april 2009 tok Høgre (Solberg) og KrF (Høybråten) opp saka under eventuelt-punktet.

*Heimfallssaka* var første gong oppe 25. april 2006, som ein del av innleiinga til olje- og energiministeren. Alle partia, med unntak av statsrådens parti Sp, stilte spørsmål til saka. I august 2007 kom regjeringa med ei såkalla provisorisk anordning som ei følgje av dommen i EFTA-domstolen tidlegare same sommar. 4. desember 2007 tok Framstegspartiet (Vaksdal) opp saka og meinte det var tvilsamt at anordninga ville bli godkjend av EU, utan at utanriksministeren meinte det var noko nytt å melde, og at EU avventa eit nytt lovforslag frå den norske regjeringa. Lovframlegget kom i Stortinget hausten 2008 utan at saka kom opp i Europautvalet igjen.

*EUs energipolitikk, særleg Europakommisjonen si Grønbok, har vore oppe fleire gonger i utvalet. På møtet 23. oktober 2006 spurte Marit Nybakk (A) om ikkje saka burde opp på eit eige møte i Stortinget. Utanriksministeren sa ein ville avvente eit eventuelt initiativ frå Stortinget sjølv.*

Europautvalet blir også brukt av regjeringa til meir generelle orienteringar og drøftingar, som (sidan hausten 2008) om situasjonen knytta til *ein eventuell islandsk EU-søknad*.

#### **2.4 Debattar og spørsmål på initiativ frå medlemmer i Europautvalet**

Representantar for alle parti med unntak av Venstre har teke opp *eventueltsaker* som ikkje fagstatsråd har innleidd om eller som ikkje vedkjem enkeltrettsakter klare for vedtak.

**Høgre** har teke opp desidert flest, men likevel ikkje fleire enn 12 i heile perioden. Mellom desse sakene er spørsmål knytta til potensiell utviding av EØS-avtalen (auka handel med jordbruksvarer) med grunnlag i artikkel 19 i avtala, som Høgre (Foss) stilte tre spørsmål om 24. april 2007.

Ved fleire høve har opposisjonen stilt spørsmål om pågåande saker som det er orientert om i tidlegare møte, eller som har blitt mediasaker utan at dei er drøfta i utvalet enno. Til dømes blei Datalagringsdirektivet og Postdirektivet teke opp 21. april 2009 av Høgre (Solberg) og KrF (Høybråten). Sakene blei då sett opp under innleiingane frå utanriksministeren til neste møte (26. mai 2009).

## **2.5 Rettsakter til behandling som regjeringa ikkje særskilt tek opp**

Paradoksalt nok har kun representantar frå **regjeringspartia** teke opp *enkeltrettsakter som fagstatsråd ikkje har innleidd spesielt om*. Dette er likevel eit mikroskopisk tal enkeltrettsakter. SV har teke opp 10, Ap seks og Sp seks, i alt 22 rettsakter i heile stortingsperioden. I 2007 åleine blei det handsama i alt 394 rettsakter.

Første gong ei rettsakt blei drøfta på initiativ frå eit utvalsmedlem var 25. april 2006, då **SV (Valle)** stilte spørsmål om eit direktiv om svovelinnhald i brennstof for skip. Ho var kritisk til at direktivet sette ei grense for svovelinnhald på 1,5%, medan høyringsinstansane tilrådde 0,5%. Spørsmålet til utanriksministeren gjekk på om Noreg på eit seinare tidspunkt kunne setje ei lågare grense. Svaret frå utanriksministeren var at han ikkje trudde «vi kan avvike fra den satsen i hvordan den blir lagt», men at ei eventuell endring måtte «komme som en del av utviklingen av direktivet, som vi nå blir en del av. (...) Det er jo en dynamikk i dette, som på de fleste andre områder».

30. mai 2006 blei «heile» åtte rettsakter teke opp utan at dei var nemnde i innleiinga frå utanriksministeren. **Arbeidarpartiet (Gullvåg og Nybakk)** tok opp «transportområdet», dvs. ei rad aktuelle direktiv innanfor samferdslesektoren, og spurte korleis ein skulle gjennomføre direktiva i praksis, dessutan eit direktiv om framgangsmåter når det blir inngått offentlege varekontraktar. **Senterpartiet (Samuelsen)** ønskte meir informasjon om konsekvensane av tre konkrete direktiv på transportområdet, og om konsekvensar av ei bestemming om grensekryssande fusjonar av selskap. **SV (Valle)** hadde også spørsmål om sistnemnde, i tillegg til direktivet om gjenforsikring og direktivet om styrkt tryggleik i hamner.

14. september 2006 tok både **SV (Valle)** og **Senterpartiet (Samuelsen)** igjen opp ei sak knytt til grensekryssande fusjonar av selskap. Senterpartiet bad om at saka

blei trekt og greidd ut nærare, men utanriksministeren avviste dette, og viste til at saka alt tidlegare var trekt for nærare utgreiing. I tillegg tok **SV (Valle)** opp to rettsakter om genmodifiserte plante- og grønsaksartar, og ei rettsakt knytta til energi, der Valle i sitt innlegg vektla at Noreg må ha høve til «å etablere virkemidler som skiller mellom fornybar og ikkefornybar primærkilde».

24. april 2007 tok **Arbeidarpartiet (Gullvåg)** opp to rettsakter knytt til kontrollutstyr på flyplassar, og spurte om konsekvensane for publikum. I tillegg tok **Senterpartiet (Samuelson)** opp ei sak knytta til handsaminga av ei bestemming om selskapsrett.

24. september 2007 tok **SV (Valle)** opp ei forordning om GMO-tilsetjing i fôrvarer.

12. mars 2008 tok **SV (Valle)** opp eit direktiv knytta til EUs likestillingsarbeid, medan **Arbeidarpartiet (Gullvåg)** tok opp eit sørsmål knytta til eit førarkortdirektiv, og ønskte eit «samlet forelegg for Stortinget med en gjennomgang av førerretten og førerkortopplæringen».

23. januar 2009 stilte **Arbeidarpartiet (Hansen)** spørsmål om kvifor direktivet om ansvar for miljøskader ikkje var klart for implementering i norsk lov før då. Utanriksministeren var ikkje til stades, og justisministeren kunne ikkje svara på spørsmålet.

På to av dei 26 møta har det ikkje vore rettsakter til handsaming. Kun på 7 av dei 24 møta der det har vore rettsakter oppe til handsaming har representantar teke opp spørsmål som utanriksminister eller fagstatsråd ikkje har innleidd om.

## *2.6 Når representantane frå fagkomiteane er til stades*

**Frp og Høgre** sine representantar i fagkomitear som har vore særskilt kalte inn til relevante møte, er flinkast til å stille spørsmål til innleiingane til fagstatsråd. Frp-representantar har stilt 17 konkrete spørsmål, Høgre-representantar har stilt 15. Alle dei tre **regjeringspartia** er her meir aktive enn **KrF** og **Venstre**, men tala er svært små for samtlege.

I alt har **7 av fagkomiteane** vore innkalte ved ulike høve, og representantar frå desse hatt ordet på 12 av 26 møte. Nemneverdig mange spørsmål frå fagkomitérepresentantar var det kun på møta 4. november 2008 (Transport- og kommunikasjonskomiteen), då mellom anna Postdirektivet var oppe, og 1. desember 2008 (Energi- og miljøkomiteen) då ei rad miljø- og klimapolitiske saker var oppe.

## *2.7 Drøftingar av arbeidsmåten i Europautvalet*

**Representantar frå Ap, Høgre, KrF og Sp** har på ulike tidspunkt teke opp *arbeidsmåten* i utvalet.

3. april 2006 blei det halde eit omframnt møte i utvalet der einaste sak var ei orientering frå olje- og energiministeren om Europakommisjonen si grønbok om energi. Her var energi- og miljøkomiteen særskilt invitert. Leiaren i Europautvalet, Olav Akselsen (A) sa då «(...) dette er ein ny praksis, både at ein har eit ekstraordinært møte og at ein får orienteringa på eit så tidleg tidspunkt i prosessen».

8. mars 2007 tok KrF (Høybråten) opp «behovet for reformer i Stortingets behandling av EØS-saker. Dette (innleiinga frå statsråd Riis-Johansen) er et detaljeringsnivå som dette forum ikke er beregnet til å behandle». Senterpartiet (Samuelsen) følgde opp 24. september 2007.



Stortingets forretningsorden blei endra frå og med 1. januar 2008, slik at fagkomiteane kunne involverast ytterlegare i relevante saker, i forkant av møta i Europautvalet. **KrF (Høybråten)** var framleis ikkje nøgd 12. mars 2008, då han gav uttrykk for at det var «svært utilfredsstillende (...) å få en dagsorden (...) hvor det står (...) at olje- og energiministeren skal orientere om aktuelle saker. (...) OG så står det at utenriksministeren orienterer om aktuelle saker, uten at vi vet noe om hva dette er. (...) Men dette forums rolle som et sted hvor man lytter og nikker og strør sand eller lar være å strø sand, er ikke særlig tilfredsstillende. Dette har jeg tatt opp i ulike sammenhenger i Utenrikskomiteen, og det skal ha vært tatt opp med Regjeringen. Men når det ikke skjer noen forandring fra Regjeringens side i måten å melde til Stortinget på hva man faktisk har tenkt å snakke om, slik at man har et snev av mulighet til å være forberedt til møtet, finner jeg å måtte ta det opp her.»

Utanriksministeren svara at «denne type innvending mot Europautvalgets virkemåte» var ny for han, og ønskte dialog med Presidentskapet. Han la til at «selve tonen i innvendingen kom overraskende» på han.

**Arbeidarpartiet (Nybakk)** kommenterte at det var rett at Utenrikskomiteen hadde bede om at punktet Høybråten viste til skulle spesifiserast, og føreslo at så skjedde frå og med neste møte.

Frå og med møtet 18. september 2008 ser dette ut til å ha blitt gjennomført. Sekretariatet i Stortinget var då utvida, og det blei skapt ei rutine der det blir laga informasjonspakker til medlemene i Europautvalet i forkant av møta. I tillegg blei den såkalla EØS-notatbasen oppretta frå august 2008.

På det omtalte møtet i september 2008 kommenterte **Arbeidarpartiet (Nybakk)** at «dokumenter som kommer til Europautvalget kan være mer pedagogiske og mer forståelige enn de som nå ligger foran meg på bordet.» Ho kommenterte også «at det er så dårlig oppmøte», på dette møtet var ni av dei 20 medlemene i utvalet til stades.

4. november 2008 tok **KrF (Høybråten)** igjen opp «dette organets funksjonsmåte». Han vektla at det hadde vore ei positiv utvikling i perioden, men hadde fleire forslag til forbetringar i rutiner, ma. knytta til saksdokument, og stilte spørsmål om ein skulle vere eit konsultasjonsorgan eller om det var snakk om reint tekniske orienteringar. Utanriksministeren var «åpen for forslag», og det blei føreslege at utgreiingane frå utanriksministeren skal sendast over skriftleg dagen før møtet.

## **2.8 Spørsmål i spørjetimen i Stortinget**

Også her er **Høgre** mest aktive med i alt seks spørsmål i stortingsperioden, men det er likevel svært få spørsmål som har blitt stilt alt i alt. Erna Solberg (2) og Finn Martin Vallersnes spurte om energispørsmål, nordområda og bruk av veto i 2005/06, Solberg om EØS-avtalens framtid med EØS-motstandarar i regjeringa i 2006/07, og Inge Lønning om EØS-avtalens framtid ved eit islandsk EU-medlemskap i 2008/2009.

**Frp** har stilt tre spørsmål. I 2007/2008 spurte Torbjørn Andersen (Frp) om regjeringas syn på EUs energipolitiske målsettingar, medan Per Sandberg spurte om tenestedirektivet og Arne Sortevik om Eurovignett direktivet i 2008/2009.

**KrF** har stilt eitt spørsmål, i 2005/06 spurte Ingebrigt Sørfonn (KrF) om tenestedirektivet.

### 3. Oppsummering og nokre konklusjonar

**Ja-partiet Høgre er det absolutt mest aktive partiet i Europautvalet.**

Representantar for partiet, og då særleg partileiar Erna Solberg, har stilt relativt mange konkrete spørsmål (langt fleire enn KrF og Sp til samans) til innleiingar frå utanriksminister og fagstatsrådar, og stilt spørsmål om og/eller etterlyst informasjon om andre aktuelle saker. Partiet har, ikkje overraskande, etterlyst arbeid med utviding av EØS-avtalen.

**Det finst medlemer i Europautvalet som knapt har møtt, og det er tre medlemer som ikkje har teke ordet i utvalet i heile perioden.** Arbeidarpartiet har svært mange medlemer i utvalet, og dette kan forklare at nokre representantar prioriterer bort arbeidet der. Til gjengjeld er andre, spesielt Marit Nybakk, svært aktive, og partiets eigen utanriksminister innleier på alle møte i utvalet.

Det er vanskelegare å forstå at Venstre ser ut til å prioritere EU- og EØS-saker så lågt at partiet kun har hatt ordet 15 gonger, og ikkje teke eit einaste eige initiativ i utvalet – jamvel vore fråverande frå 30% av møta. **Venstre framstår som det desidert mest passive partiet i Europautvalet.**

**Det mest tydelege Nei-partiet, Senterpartiet, er mindre aktivt i utvalet enn ein skulle vente.** Dette kan ha samband med få medlemer i utvalet og/eller låg kapasitet i fraksjonen og/eller regjeringsdeltakinga. Rett nok har ein teke opp seks enkeltrettsakter det ikkje er særskild innleidd om, men det jamstore Kristeleg Folkeparti har møtt på alle møte (Sp har eit fråvær på 15%), og stilt over dobbelt så mange spørsmål til innleiingar frå utanriksminister og fagstatsråd.

**Kristeleg Folkeparti**, spesielt partileiar Dagfinn Høybråten, har gjentekne gonger etterlyst informasjon om større saker og teke initiativ til meir innverknad for Stortinget og Europautvalet i EU- og EØS-relevante saker.

**SV og tidlegare Nei til EU-nestleiar Ågot Valle framstår likevel som Nei-sidas sterkaste kort i Europautvalet.** Trass i ei mindre gruppe enn Arbeidarpartiet er SV omtrent like aktive, og Valle åleine har teke opp 10 rettsakter som det ikkje er innleidd spesielt om.

**Framstegspartiet ser ikkje ut til å prioritere utvalet særleg høgt, men er nokså aktive når fagkomiteane er til stades.** Frp ser såleis ut til å vere meir opptatt av dei konkrete fagsakene når dei er på sitt mest aktuelle, enn av det langsiktige og meir generelle EU- og EØS-arbeidet.

Dei sakene som får størst merksemd i media er også dei som får mest merksemd i Europautvalet. **Tenestedirektivet** er truleg den mest omtalte og omdiskuterte, og «langvarige» EU- og EØS-saka i perioden. Likevel har ho berre vore tema for 19 innlegg i Europautvalet (dog oppe i ein eller annan form på 7 av 26 møte) gjennom fire år. **Opposisjonen har fleire gonger etterlyst informasjon om saka i utvalet.** Det er mellom anna dette, saman med etterlysingar av arbeid for ein meir omfemnande EØS-avtale, som dreg opp statistikken for Høgre når det gjeld å ta opp saker som ikkje står på dagsorden og/eller er omtalt av utanriksminister eller fagstatsråd i ei innleiing (12 saker).

**Bli rettsaktene «banka igjennom» i Europautvalet?** Svaret på det må vere ja. Det er overraskande at det kun er representantar for regjeringspartia, og då særleg nei-partia SV og Senterpartiet, som tek opp enkeltrettsakter som Utanriks- eller fagdepartement ikkje har funne det for godt å informere spesielt om. Kun på sju av 24 møte er det stilt slike «utanomspørsmål». Samstundes kan det sjå ut som det først er mot slutten av perioden den informasjonen utvalsmedlemene får i forkant av møta har nærma seg eit handterleg format. Ikkje overraskande: Nei-partia står for spørsmåla til 16 av dei 22 spesielt opptekne rettsaktene.

Særleg opposisjonspartia ser ut til å ha brukt mulegheita til informasjon, innspel og påverking som deltakinga frå fagkomiteane har gitt. Likevel ser det ut til at

alle stortingsgruppene i hovudsak overlèt EU- og EØS-saker til Europautvalet, og då spesielt medlemene i Utanrikskomiteen. Desse er meir aktive enn representantane frå EFTA- og EØS-utvalet.

**Til sist: Ei mindre gransking som dette har fleire feilkjelder.** Det må takast høgde for til dømes at representantar for regjeringspartia kan ha vore med på drøftingar og/eller fått informasjon i forkant av møta, for at opposisjonen naturleg nok stiller fleire (kritiske) spørsmål til regjeringa enn representantar for regjeringspartia og sjølvstøtt for at partia har eit ulikt tal representantar i komiteen.

**Hovudintrykket** er at regjering og opposisjonen ser ut til å bruke Europautvalet som ein arena for informasjon og for å positivt påverke det norske arbeidet opp mot EU. Inntrykket på grunnlag av denne granskinga er at det er SV og delvis KrF som tek tydelegast ansvar som Nei-parti i Europautvalet, medan Høgre-representantane er overraskande aktive, ikkje berre som pådrivarar for meir EU-tilpassing og utviding av EØS-avtalen, men også i eit felles arbeid for best mogleg vilkår for Noreg og for norsk politisk fellesgods innanfor EØS. Utvalet verkar i liten grad å vere ein utoverretta markeringsarena for ja- og nei-sida, men ein intern arbeidsarena for partia.